

## Møtereferat

Dato: 21.02.2019

|             |  |                     |
|-------------|--|---------------------|
| Emne:       | Info- og drøftingsmøte VLFK 21.02.2019 - REFERAT   |                     |
| Til stades: | <i>Representantar frå hovudsamanslutningane</i><br>YS-kommune v/Tore Andersen, HFK<br>YS-kommune v/ Turid Svoren, SFFK<br>LO-kommune v/ Dagmar Hillestad, HFK<br>LO-kommune v/Svein Torbjørn Sandvold, SFFK<br>Akademikerne kommune v/ Marius Kjørmo, HFK<br>Akademikerne-K, Jarl Henrik Devik, SFFK<br>UNIO v/ Hilde Kvamsås Aa, SFFK<br><br><i>Frå arbeidsgjevar</i><br>Rune Haugsdal, prosjektleiar<br>Geir Davidsen, HFK<br>Johan Meyer, HFK<br>Magnus Odéen, HFK (sak 5)<br>Toril Einarsen, SFFK<br>Inger Karin Slinde, SFFK<br>Karstein Oen, HFK |                     |
| Forfall:    | UNIO v/Rune Stadsnes, HFK  | Sak: 2015/1434-742  |
| Møtetid:    | KL. 14.00 – 15.20  | Møtestad: Videomøte |

**Møteleiar:** Rune Haugsdal

**Referent:** Inger Karin Sæbø Slinde

Merknader til innkalling og sakliste:

- **UNIO** viste til møte 01.02.19, der det er nedfelt i referatet at revidert utkast dokument om «Virkemiddelpakke» skulle leggjast fram att i dette møtet.
- **Prosjektleiar** viste til møte 01.02.19, sak 3 Eventuelt, punkt 1 om ROS-analyse oppfølging.

**Prosjektleiar** melde tilbake at begge desse sakene må koma på saklista til eit seinare møte, eventuelt 14. mars. Det har ikkje vore mogeleg for arbeidsgjevar å prioritere desse sakene til dette møtet på grunn av intenst arbeid i prosessen med innplassering i leiar og medarbeidarstillingar i nye Vestland fylkeskommune.

**Saksliste:**

1. Referat frå møtet 1. februar 2019 (vedlegg)
2. Sams vegadministrasjon – status og orientering
3. DPO 12.1 – Innkjøp. Organisering og arbeidsprosessar. (vedlegg)
4. Mandat for arbeidsgruppe organisering av tannhelsetenesta (vedlegg)
5. Innplassering – status, orientering.
6. Eventuelt

## 1. Referat frå møtet 1. februar 2019

Kommentarar til referatet:

**UNIO** viste til punkt 2 i referatet, under punkt b. «Prosedyre for kriterium for val av kandidat».

Arbeidstakarorganisasjonane stilte spørsmål ved og var kritiske til korleis ein skal kunne handtere kriteria personleg fagleg dyktigheit, arbeidsinnsats og å vere personleg eigna i ein innplasseringsprosess.

Prosjektleiari vil likevel bruke desse kriteria, men presiserer at dei i liten grad vil bli tillagt vekt utanom ved innplassering i leiarsstillingar.

**Akademikerne, på vegne av UNIO**, viste til referatet side 2, under «Kommentarar og innspel til referatet». Teksten som står under YS-kommune sitt innspel til sak 2 «Prosedyre til drøfting», punkt b «Prosedyre for kriterium for val av kandidat» går ut.

**Akademikerne** bad om at referenten er konsekvent i bruken av namn/nemning når det i referatet blir vist til kven som uttalar seg.

## 2. Sams vegadministrasjon – status og orientering

**Prosjektleiari** informerte om status. Søknadsfrist for dei utlyste stillingane i Statens Vegvesen er 25.02.19.

## 3. DPO 12.1 – Innkjøp. Organisering og arbeidsprosessar

Innspel frå organisasjonane, jf. e-post frå YS-kommune 22.02.19:

*«Fleire stader i sluttrapporten frå DPO 12.1 står det formuleringar av typen «Eigen mynde til Skyss, Eigedom, NDLA og Bybanen Utbygging». I dokumentet er det ikkje presisert kva som er meint med dette.*

*Organisasjonane meiner at det er viktig å presisere kva omfang dette myndet skal ha. Basert på tidlegare erfaringar ser me at dette kan vere naudsynt. Dette er viktig for å sikre ein særskilt profesjonell innkjøpsorganisasjon med god og effektiv kvalitetssikring. Dette vil også hjelpe til for å unngå uheldige oppslag i media framover».*

## 4. Mandat for arbeidsgruppe organisering av tannhelsetenesta

**YS-kommune** reagerte på at dei tillitsvalde ikkje vert representert i arbeidsgruppa, noko det på eit tidlegare tidspunkt vart sagt dei skulle.

**HR-sjefen** melde tilbake at i utkast til mandat står det at «Fagforeiningane vert ikkje representert i gruppa, men det vert gjennomført info/drøftingsmøte med lokale tillitsvalde i tannhelsetenesta i prosessen.» I revidert utkast til mandat vil denne ordlyden bli sletta og erstatta med ein ordlyd som seier at dei tillitsvalde skal vere representert i arbeidsgruppa.

**YS-kommune** viste til at det er mykje økonomi i denne organiseringa og nokon med økonomikompetanse burde vore representert i gruppa. Prosjektleiari svarte at bistand på økonomi vil gruppa få på dei område som er nødvendig.

**Akademikerne** formidla stor frustrasjon kring tilsette tannhelsetenesta om kva som skjer. Oppfordra til sterk openheit om det vidare arbeidet.

## 5. Innplassering – status, orientering

**Prosjektleiari** formidla status og orienterte om arbeidet. Retten til / krav på stilling skal vere avklart til 15.03.19. Utlyste stillingar skal vere avklart til 22.03.19.

## 6. Eventuelt

**Akademikerne** stilte spørsmål kring SAMS.

**Prosjektleder** melde tilbake at for stillingar med definerte behov kan det vere fortrinn både frå SFFK, HFK og SVV. VLFK rekrutterer funksjonar basert på framtidig behov.

Møtet slutt.